

## Tabell D-k

### Distriktstilskot Sør-Noreg, distriktstilskot Nord-Noreg og veksttilskot 2024

Tabellen viser bakgrunnstala for utrekninga av distriktstilskot Sør-Noreg, distriktstilskot Nord-Noreg og veksttilskotet i 2024.

#### Kolonne 1 – Innbyggjarar per 1.1. 2020

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2020, korrigert for grensejusteringar etter 1. januar 2020.

#### Kolonne 2 – Innbyggjarar per 1.1. 2023

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2023.

#### Kolonne 3 – Gjennomsnittleg skatteprosent 2020–2022

Kolonne 3 viser gjennomsnittleg skatteprosent for åra 2020–2022, i prosent av landsgjennomsnittet.

#### Kolonne 4 – Distriktsindeks 2017

Kolonne 4 viser distriktsindeksen for 2017. Departementet har nytta den same distriktsindeksen som i inntektssystemet for åra 2019–2023. Distriktsindeks for nye kommunar er berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane.

Distriktsindeksen er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar som sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og -utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå. For nærare omtale av distriktsindeksen, sjå <https://www.regjeringen.no/id2614814>.

#### Kolonne 5 – Distriktstilskot Sør-Noreg 2024

Kolonne 5 viser distriktstilskot Sør-Noreg i 2024. Tilskotet skal vareta kommunar i Sør-Noreg med ei svak samfunnsmessig utvikling. Tildelinga av distriktstilskot Sør-Noreg tek utgangspunkt i distriktsindeksen.

Tilskotet blir tildelt kommunar i Sør-Noreg som:

- har under 3 200 innbyggjarar, eller ein distriktsindeks på 46 eller lågare,
- har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet (målt per innbyggjar), og
- ikkje får distriktstilskot Nord-Noreg.

Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar får eit tilskot per kommune. Satsane varierer etter verdien på distriktsindeksen. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot etter høgaste sats. Kommunar med ein høgare verdi på distriktsindeksen får tilskot etter lågare sats, slik at kommunar med distriktsindeks over 46 får halvparten av den høgaste satsen.

For kommunar med 3 200 innbyggjarar eller meir blir tilskotet gjeve med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot per kommune og per innbyggjar med høgaste sats. Kommunar med høgare verdi på indeksen får tilskot med høvesvis 80, 60, 40 og 20 prosent av den høgaste satsen.

Tilskotet blir rekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2023. Departementet har nytta distriktsindeksen for 2017, som òg vart nytta i inntektssystemet for 2023. Satsane for 2024 er justerte med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren..

*Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2024:*

Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller meir			Kommunar med under 3 200 innbyggjarar
Distriktsindeks	Sats per kommune (1 000 kr)	Sats per innbyggjar (kroner)	Sats per kommune (1 000 kr)
Indeks 0–35	1 413	1 280	6 526
Indeks 36–38	1 133	1 024	5 875
Indeks 39–41	849	768	5 221
Indeks 42–44	564	512	4 569
Indeks 45–46	284	257	3 915
Indeks over 46	0	0	3 264

### **Kolonne 6 – Distriktstilskot Sør-Noreg – småkommunetillegget**

Kolonne 6 viser småkommunetillegget innanfor distriktstilskot Sør-Noreg i 2024. Tillegget er gjeve med ein sats per kommune, som vist i tabellen over. Satsane er differensierte etter kommunane sin verdi på distriktsindeksen.

### **Kolonne 7 – Distriktstilskot Sør-Noreg – andre kommunar**

Kolonne 7 viser den delen av distriktstilskot Sør-Norge som går til kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire. Tilskotet er gjeve delvis med ein sats per kommune og delvis med ein sats per innbyggjar, som vist i tabellen over. Satsane er differensierte etter kommunane sin verdi på distriktsindeksen.

### **Kolonne 8 – Distriktstilskot Nord-Noreg 2024**

Kolonne 8 viser distriktstilskot Nord-Noreg i 2024.

Tilskotet blir gitt med eit kronebeløp per innbyggjar til alle kommunane i Nord-Noreg og Namdalen. Satsen er differensiert mellom kommunar i ulike fylke. Den geografiske inndelinga av satsane som vart nytta ved fordelinga av tilskotet før regionreforma, blir ført vidare også etter 2020. Satsen for den einskilde kommune er dimed ikkje påverka av samanslåinga og delinga av Troms og Finnmark.

Småkommunetillegget til kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar i Nordland fylke, Namdalen i Trøndelag fylke og Troms fylke (utanfor tiltakssona) blir gjeve etter dei same kriteria og satsane som distriktstilskot Sør-Noreg. Kommunar i Finnmark fylke og kommunar i tiltakssona i Troms fylke får småkommunetillegg etter ein høgare sats.

Tilskotet blir rekna ut etter talet på innbyggjarar per 1. januar 2023. Departementet har nytta distriktsindeksen for 2017, som òg vart nytta i inntektssystemet for 2023. Distriktsindeks for nye kommunar er berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane. Satsane for 2024 er justerte med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren.

*Satsar for distriktstilskot Nord-Noreg 2024:*

<b>Til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen, satsar per innbyggjar</b>		
Kommunar i:	Sats per innbyggjar (kroner)	
Nordland og Namdalen	2 013	
Troms (utanfor tiltakssona)	3 861	
Tiltakssona i Troms	4 550	
Finnmark	9 427	
<b>Småkommunetillegg til kommunar med under 3200 innbyggjarar</b>		
Distriktsindeks	Småkommunetillegg per kommune, kommunar utanfor tiltakssona	Småkommunetillegg per kommune, kommunar i tiltakssona
Indeks 0–35	6 526	14 135
Indeks 36–38	5 875	12 719
Indeks 39–41	5 221	11 308
Indeks 42–44	4 569	9 893
Indeks 45–46	3 915	8 481
Indeks over 46	3 264	7 067

### **Kolonne 9 – Distriktstilskot Nord-Noreg – småkommunetillegget**

Kolonne 9 viser småkommunetillegget innanfor distriktstilskot Nord-Noreg i 2024. Tillegget er gjeve med ein sats per kommune, som vist i tabellen over. Satsane er differensierte etter kommunane sin verdi på distriktsindeksen.

### **Kolonne 10 – Distriktstilskot Nord-Noreg – tilskot per innbyggjar**

Kolonne 10 viser den delen av distriktstilskot Nord-Noreg som blir fordelt med ein sats per innbyggjar til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen. Satsane er differensierte mellom dei ulike fylka, jf. tabellen over.

### **Kolonne 11 – Befolkningsendring 2020–2023**

Kolonnen viser prosentvis gjennomsnittleg årleg endring i innbyggjartalet i perioden 2020 til 2023. I berekningane blir det nytta innbyggjartal frå 1. januar 2020 og 1. januar 2023. Det er teke omsyn til kommunedelingar og grenseendringar.

### **Kolonne 12 – Vekstgrense veksttilskotet 2024**

Veksttilskotet er eit tilskot til kommunar med særleg høg folkevekst. Tilskotet er grunngeve med at kommunar med høg folkevekst på kort og mellomlang sikt kan ha vanskar med å tilpasse tenestetilbodet til ei vaksande befolkning. Veksttilskotet blir gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg folkevekst over vekstgrensa dei siste tre åra (1.1.2020–1.1.2023) og som har skatteinntekter på under 140 prosent av gjennomsnittet i landet. Vekstgrensa på 1,4 prosent er ført vidare for 2024.

### **Kolonne 13 – Innbyggjarar ut over vekstgrensa**

Kolonne 13 viser talet på nye innbyggjarar ut over vekstgrensa på 1,4 prosent.

### **Kolonne 14 – Veksttilskot 2024**

Kolonne 14 viser kva den einkilde kommune får i veksttilskot i 2024. Satsen per nye innbyggjar ut over vekstgrensa for 2024 er 67 331 kroner. Veksttilskotet til kommunen i 2024 er lik talet på nye innbyggjarar utover vekstgrensa (kol. 13) multiplisert med 67 331 kroner. Satsen for 2024 er justert med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren.